



NJFF SOGN OG FJORDANE

Miljøverndepartementet

Avdeling for naturforvaltning
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo
gkm@md.dep.no

NJFF Sogn og Fjordane

Rygg
6823 Sandane
Telefon: 57 86 83 55
Mobil: 970 76 702
sognogfjordane@njff.org
www.njff.no/sognogfjordane
Org.nr: 975682900
Bank: 3710.11.42737

Rygg, 14.12.2010

Uttale til høring om endringsforslag i rovviltforskrifta

NJFF Sogn og Fjordane er fylkesledd til Norges Jeger- og Fiskerforbund, og eit av våre arbeidsområder er kompetanseheving til bl.a. rovviltjegerar og vi er med i referansegruppe for fellingslaget for store rovdyr i Sogn og Fjordane.

Vi ynskjer på bakgrunn av dette å kome med ei høyringsuttale til endringsforslaget i rovviltforskrifta.

Vi ser det som svært positivt at regjeringa ynskjer at det praktiske og økonomiske offentlege ansvaret for skadefelling skal bli forsterka og klargjerast, med det mål å auke vellukka skadefellingsforsøk. Det er svært viktig som de skriv i høyringsbrevet at ein klarar å behalde godt kompetente jegerar i fellingslaga.

Merknader til endringsforslaga:

Budsjettramma

Taket på budsjettramma med kr. 35.000 er urealistisk i mange tilfelle. Lengd og antal jegerar varierer mykje frå skadefelling til skadefeling. Å ta utgangspunkt i 5 jegerar per døgn vil i mange tilfeller vere for lite. Det blir altfor uvisst økonomisk for eit fellingslag å starte fellingsforsøk med ei slik budsjettramme. Ein bør vere såpass romsleg at dette ikkje vil skape hinder for å ha eit best mogleg utgangspunkt for fellinga.

Sats per deltakar

Vi ynskjer også å kome med ein merknad på satsen per deltakar. De er tatt utgangspunkt i ein sats per døgn og det står ikkje noko om kva denne satsen på kr. 1.000 innebærer. Er det inkludert arbeidsgjevaravgift og sosiale kostnader? Ein døgnssats på kr. 1.000 er svært låg, jegerar som brukar tida si i eit fellingslag tapar mykje arbeidspengar på å vere med på fellingsforsøket. Det ser vi på som uheldig når målet er å behalde kompetente jegerar i fellingslaget. Satsen bør stemme overrens med eit rimeleg lønnsnivå i arbeidslivet. Vi meiner også at det bør vere ope for at fylkesmannen kan legge til grunn timesats istadenfor døgnssats.

Med venleg helsing
NJFF Sogn og Fjordane

Reidun Solberg Seim
Fylkessekretær

